

Søknad om dispensasjon

Eg vil søkje om dispensasjon frå plankrav satt i § 1.1 i *Kommuneplanen for Lindås 2011-2023*, for frådelling av areal sett av til Småbåthavn (SHe og S11) og areal sett av til bustad på gbnr 29/5 på Tveitastø.

Slik eg ser det vert ikkje omsyna bak føresegna til Kommuneplanen sett vesentleg til side, då sjølve delinga ikkje er i strid med arealformålet i kommuneplanen. Men at krav om dispensasjon er likevel gjeldande då deling er eit tiltak etter Pbl § 20-1, og skal etter § 1.1 i Kommuneplanen ikkje godkjennast utan at det inngår i ein reguleringsplan.

Eg meiner at det ligg føre grunnlag for å gje dispensasjon i dette tilfelle, då eg tenker at formålet med plankravet på Tveitastø er å ivareta at utbygging av område ikkje vert gjennomført utan å ha vore gjennom ein planprosess og dei vurderingane som følgjer der. Det eg søker om er frådellinga til uendra bruk, og bakgrunn for delinga er salg av garden på gbnr 29/5 på Hauge. Ved delinga får vi mulighet til å behalde litt av arealet av garden i familien, når vi no har bestemt oss for salg. Det er ikkje tale om noko byggjetiltak på eigedommen i denne omgang, kun ei avklaring av grunneigartilhøve. Eg meiner soleis at dispensasjon ikkje vil vere vesentleg i strid med omsyna bak plankravet og at dette heller ikkje er ulemper knytt til å gje dispensasjon for deling.

Omsyna bak plankravet vil uansett kunne takast i vare ved at kommunen får moglegheit til å vurdere dette på nytt dersom det i framtida vert aktuelt med byggetiltak på eigedomen. Eg meiner difor at vilkåret om at fordelane ved å gje dispensasjon etter Pbl § 19-2 må vere klart større enn ulempene er oppfylt.

Vedlagt ligg situasjonskartet med tomtane skravert (1 og 2).

04.06.15

Hilde Strøm Hauge

Hilde Strøm Hauge